



*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Kultur- og likestillingsdepartementet

Molde, 16. sept. 2022

## Gjennomgang av spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

### Innspel

FNF Møre og Romsdal har i epost av 29.08.2022 frå vår fylkeskommune vorte merksam på at Kultur- og likestillingsdept. kjem på vitjing til fylket den 20 okt. i år med tema spelemidlar. Slik vi har forstått dette møtet ønsker dept. med utgangspunkt i Hurdalsplattformen, å få innspel frå eit breitt utval av aktørar som har meiningar om korleis spelemiddelordninga for anlegg kan innrettast i framtida. Vi vil i det følgjande gjere greie for vårt syn innan nokre tema.

#### **Blir natur tek omsyn til ved bygging av friluftslivsanlegga**

Organisasjonane i FNF Møre og Romsdal har hatt eit tett samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune for å få fram gode søknader for friluftslivsanlegg. Samstundes ser vi også dei uheldige sider med bygging av aktivitetsanlegg til dømes til utfordringar med kryssing av våte parti/myr. For sjølv om vi meiner at det må prioriterast meir uteanlegg (friluftsliv) betyr ikkje det at ein må la vere å handsame desse anlegga etter gjeldande lovverk i landet.

Som ein delmengde av dette har Naturvernforbundet sett på utfordringa som ligg i at friluftslivsanlegg (som det er løyvd spelemidlar til) ikkje blir vurdert etter naturmangfoldlova og plan- og bygningslova. Gransking av 33 friluftslivsanlegg i 20 kommunar i fylket vårt i 2018 viste at hovudregelen er;

1. Friluftslivsanlegg blir i liten grad byggjemeldt etter plan- og bygningslova og blir i liten grad vurdert etter naturmangfoldlova.
2. Kommunane har i liten grad planar om å vurdere anlegget etter naturmangfoldlova.

3. Kommunane viser til at pengeutdelaren (fylkeskommunen) har formelt godkjent søknaden og at dei soleis ikkje treng noko handsaming av anlegget etter plan- og bygningslova og naturmangfoldlova.

FNF Møre og Romsdal er bekymra for korleis eit folkehelseiltak som i utgangspunktet eit friluftslivsbygg er, blir handtert i kommunane i fylket vårt. Vi ser at departementa tek det som gitt at friluftslivsbygg blir byggjemeldt og vurdert etter naturmangfoldlova medan realiteten er noko heilt anna.

Vi må få eit vasstett system slik at ikkje pengane kjem først i saksbehandlinga/prosessen med spelemidlane, då vil behovsvurdering og vurdering av plassering fort bli manglande.

### **Behovsprøving av anlegg**

I ei verd med begrensa ressursar er det naturleg å tenkje kost-nytte-vurdering når ein vurderer kva anlegg ein bør byggje for å nytte ut spelemidlane maksimalt. No er vi så heldig at våre beste fagfolk i norsk idrett har sett på dette nyleg. I sine granskingar har Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss ved Norges Idrettshøgskole og Universitetet i Tromsø i sitt studie i 2017 om «Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet» mellom anna kome til følgjande ;

*«Anleggstyper som turstier/turløyper, lysløyper, park/grøntområder, og utmarksarealer har sammen med private treningsentre, og vekt- og styrkerom bidratt mest til den økende andelen aktive i befolkningen. Dette er anleggstyper der det er brukt en liten andel spillemidler. En større del av spillemidlene bør derfor brukes til å finansiere spredning av anleggstyper som samsvarer med aktivitetsprofiler for alle lag i befolkningen, ikke minst den økende andel eldre. Det offentlige bør styrke tilrettelegging og finansiering av 'grønne anlegg' som turstier, lysløyper, park og grønntområder og nærmiljøanlegg der folk bor. Disse anleggstypene når store brukergrupper og har en bred sosial profil.»*

Om ein skal følgje forskinga på bruken av offentlege midlar til aktivitetsanlegg i høve til virkninga, så må ein leggje om bruken av spelemidlane. Dette betyr at midlar til friluftslivsbygg, og då spesielt turstiar/turløyper, må prioriterast framfor tradisjonelle idrettsanlegg. Spelemidlane er jo til fysisk aktivitet og friluftslivet generelt, ikkje berre til idretten spesielt.

### **Søknadsprosessen for spelemidlane**

FNF Møre og Romsdal sat nokre år i anleggsrådet men gjekk ut av anleggsrådet 2016 og har sidan ikkje vore medlem. Dette då vi ikkje fekk protokollført våre innspel i rådet. Vår erfaring frå den gonga vi sat i anleggsrådet og åra etterpå er at det er vanskeleg å få innsyn i sjølve søknadene slik at ein kunne få vurdert kor hen og kva slags anlegg vi skulle meine noko om. Vi meiner at det er vanskeleg å gjere ei vurdering av ein søknad berre ut frå namn på anlegget og kostnad på anlegget. Vi meldte difor inn at vi ønska vanleg innsyn i sjølve søknadene. Svaret var at då måtte vi ta kontakt med kvar einskild søkjar alternativt kommunen anlegget var omsøkt i. Dette meiner vi er alt for tungvint og ressurskrevjande arbeide. Dessutan meinte vi at det ikkje er heimel i lov/føresegn til å unnta desse søknadene frå offentlegheita. Slik vi forstod tilsvaret for hemmelegghald av søknadsdokumenta var dette knytt til eventuelle innhald av dokument som viste anbodstilbod.

Vårt ønskje er difor at alle søknader om spelemidlar blir lagt ut på lik line som andre offentlege dokument.

## Kva skjer i kommunane ?

Kvar kommune har idrettsråd som ved sida av politikarane er vesentleg i saksbehandlinga av spelemidlane. I desse idrettsråda sit ikkje dei grøne frivillige organisasjonane. Det betyr at idretten og bygdepolitikken vinn framfor friluftslivet. Den siste gongen vi sjekka dette var i Ålesund kommune.

I handlingsprogram for ordinære anlegg i Ålesund for åra 2018-2023 er det av totalt 31 anlegg ein turveg medan det er eks var 16 (?) fotballanlegg. Innan nærmiljøanlegg var det litt betre med 3 turvegprosjekt av totalt 20 anlegg. Totalt er det dermed 4 anlegg av 51 anlegg, dvs 5,8 %, det vi kallar anlegg for friluftsliv. Når det gjeld økonomi les vi at anlegga (dei ordinære) er tenkt finansiert med total kr 332 771 000 kr frå Ålesund kommune i planperioda 2018-2023. Av desse 31 anlegga tek to svømmeanlegg og ein fleirbrukshall mesteparten av dei kommunale pengane. Til friluftslivsanlegg er det visst satt av kr 400 000 til ein tursti (elvastien Ørskog). Totalt sett er det dermed satt av 1,2 promille (!) av dei kommunale midlane til det vi kallar friluftslivsanlegg. Så på ein måte ser denne handlingsplana meir ut som ei plan for fotball, store hallar og symjeanlegg.

Med ei slik kommunal prioritering er det jo ikkje anna å vente at det blir bygd lite friluftslivsanlegg. Så kunne ein jo tenkje seg at behovsprøvinga skjer høgare opp i sakshandsaminga (regionalt/nasjonalt), men slike verkemiddel som kan tolkast som overstyring av det kommunale sjølvstyret fins jo ikkje.

Vi meiner at fagleg integritet ved behovsvurderinga må inn i saksbehandlinga av søknadene om spelemidlar slik at friluftslivsanlegg får sin fortente plass. I kommunane vidarefører dei berre søknadene etter ei venteliste. Og fylkeskommunen gjer i liten grad ei overprøving av kommunens (manglande?) behovsprøving slik at sumeffekten blir enno verre for friluftslivet. Samstundes meiner vi at kommunane ikkje er nok aktiv til å fremme friluftslivsanlegga/friluftslivstilrettelegginga – dette i motsetnad til dei store idrettsanlegga.

## Faste anlegg og utstyr - tråkkemaskin

Spelemidlane er offentlege midlar primært tenkt nytta til faste anlegg. I dei seinare åra har det også vore løyvd spelemidlar til utstyr, deriblant til tråkkemaskin, dvs «*Løypemaskin for langrenn med glattebrett, fres, sporfres og sporsetter*». Men med årleg 36 mill til fordeling (2021-tal) disponible til alt utstyr til all aktivitet i landet er dette alt for lite i høve til behovet. Vi ser at det også er satt eit tak på kr 300 000 i tilskot på ei ny tråkkemaskin, noko som er for lite. Vi ser spesielt behovet for dei idrettslag som eks preparerer turløypene og som ikkje nødvendigvis har anleggselement, og der sjølve tråkkemaskina og drifta av denne er hovudutgiftsposten. Vi ser at mange av idrettslaga som lager skiløyper for turfolket, har utfordringar med finansiering av innkjøp av sjølve tråkkemaskina. Dette skyldast at tråkkemaskina har kome på eit prisnivå i fleiremillionars-klassen og spelemidlar til utstyr er for begrensa. Skigåing er ein folkeidrett i Norge, og på vinterstid er langrennsløyper difor viktige for folkehelsa. Grunna store utgifter med tråkkemaskin får ein også på ein del stader den uheldige ulovlege praksisen med løypeavgift fordekt som parkeringsavgift; gratisprinsippet i friluftslova blir meir utfordra med dyre tråkkemaskiner.

Tråkkemaskiner er grunnleggande for gode løypeforhold og gode vinteropplevingar, og vi vil rå til å tilrettelegge spelemidlane til nettopp tråkkemaskinene med ei betre tilskotsordning enn no.

## Energibruk

Det er i tida korleis vi nyttar energien vår. Somme meiner at løysinga er å stadig produsere meir energi, vi meiner at utnytting av eksisterande energi er ein meir farbar veg. Difor er det for oss rart å



stadig erfare nye store idrettsbygg blir satt opp utan at ein ser ut til å ha vurdert reknestykkjet med energi. Dette vere seg vurdering av tekniske løysingar som eks solfangning, rett utforming av interiør, ute-varmekablar til vurdering av plassering av rett anlegg på rett stad (for å unngå unødig bilkøyring).

Det må settast krav til vurdering av energi-reknestykkjet ved bruk av spelemidlar slik at dette er i tråd med FNs berekraftsmål.

Helsing

### **Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal



Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal